



Åsmund Kjetland
INDRE HAUGSDAL 486
5984 MATREDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/735 - 23/6874

Saksbehandlar:
Ottar Myrtveit
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:
08.08.2023

Melding om delegert vedtak - søknad om landingsløyve for helikopter. Åsmund Kjetland

Vi syner til søknad motteke den 04.08.2023
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 071/2023

Masfjorden kommune gjev Åsmund Kjetland landingsløyve frå Stussdalen til Kupa på desse vilkår.

- Løyvet gjeld for tur og retur i perioden frå: 08.08.2023 – 31.08.2023 og inntil 1 hiv.
- Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdrag
- Masfjorden kommune skal ha melding om endeleg dato for flyginga når dette er fastsett.
- Airlift skal varslast om vedtaket.

Heimel: Lov om motorferdsel i utmark § 6

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Me syner til søknad om landingsløyve med helikopter datert 04.08.2023 frå Åsmund Kjetland. Det vert søkt om landingsløyve for helikopter begrensa til området Stussdalen til Kupa på Masfjordsida. Lokalt personell organiserer flyginga. Ein vil nytta Airlift til transporten. Søknaden gjeld 1 flysekk med materiell for reparasjon av hytte.

2. Uttale

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 6 "Når særlege grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen." Masfjorden kommune har som praksis å gje løyve til helikoptertransport ved bygging/vedlikehald av hytte/stølshus når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Andre løysingar enn helikopter er eit alternativ men vil vere vanskeleg. Bruk av anna motoriserte køyretøy vil med stort sannsyn medføre vesentlege sår i terrenget. Det aktuelle området sine naturverdiar, og for viltet skal ein og ta omsyn. Ein har likevel ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing i dette tilfellet får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Kommunen meiner at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Aktuelle berørte grunneigarar skal varslast om vedtaket. Søkjar er ansvarleg for at landingsplassen er forsvarleg avstengt og sikra for utanforståande. Det skal flygast 1 hiv

3. Fakta

Flygingeruta er markert i vedlagt kart. Omsøkt periode er 08.07- 31.08.2023.

4. Vurdering

Kommunen godkjenner søknaden. Med dei hensyn som går fram av vedtaket og i uttalen vil vedtaket vera i tråd med gjeldande regelverk som er nytta.

5. Konklusjon

Løyvet blir godkjent med dei vilkår som går fram av vedtaket

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Mottakarar:

Åsmund Kjetland

INDRE HAUGSDAL 5984
486

MATREDAL